

Hordaland Folkeblad

Stabile medarbeidarar i Dalen



Fremste rekkje frå venstre: Lars Arvid Steine (52 år i verksemda), Hans Neteland (47), Asbjørn Neteland (43), Kjell Tolo (40), Oddvar Steine (40), Johannes Tufteland (40). Andre rekkje frå venstre: Arne Øvsthus (34), Ove Skutlaberg (33), Guttorm Lid (33), Patrik Åkvik (28), Terje Klyve (26), Johan Tolo (26) og dagleg leiar Geir Lid.

Ei rekkje medarbeidarar ved Lid Jarnindustri AS i Steinsdalen vart nyleg heidra for lang og tru teneste ved verksemda.

Dette skjedde på ei tilstelling på Sandven Hotel i Norheimsund. Tre medarbeidarar fekk Noregs Vels medalje for

lang og tru teneste etter minst 30 år på arbeidsplassen.

I tillegg vart det delt ut fat og gåver til dei som har vore tilsette i minst 25, 35, 40, 45 og 50 år i verksemda.

Lars Arvid Steine har snart vore samanhengjande tilsett

ved Lid jarnindustri i 52 år. I våre dagar kan knapt nokon ta mål av seg å gjera dette om-att. Fallande pensjonsalder og lang skulegang gjer at mest alle får kortare yrkesaktivt liv enn tidlegare.